

## OPPSUMMERING

Workshop 2: Lokalsamfunn og samspel

Scenarie for samfunnsutvikling i Nye Stavanger

### Tid og stad:

Samskapingshuset i Stavanger, 2. oktober 2018

### Deltakarar:

Innbyggjarpanelet (15), politikarar (9), administrasjon (18)

### Mål med samlinga:

Etterpå skal deltakarane forstå:

- Kva ved utviklinga vi kan gjere noko med
- Korleis innbyggjarane og det offentlege kan spele på lag
- Kva som er bra å byggje vidare på og kvar vi treng fornying
- Det skal kome fram idear til område der kommunen og innbyggjarane kan spele på lag for å få ein betre kommune i framtida.

I arbeidet kunne deltakarane velje å jobbe med ungdom, eldre eller barnefamiljar som tema. Ingen valde eldre.

## Program:

Kl 1600	Velkomne!	Eli Willumsen
	Solveig Svoldal:	4 scenarie for folketals- og næringsutvikling. Kva kan vi gjere noko med, og kva er ytre faktorar? Kva for handlingsrom har vi? Kva har særpreg og identitet å seie?
	Ailin Aastvedt:	Den samskapande kommunen. Korleis få til meir og få betre resultat når det offentlege og innbyggjarane spelar på lag? Oppklarande spørsmål
	PAUSE	
		Kva er viktig for oss for å skape eit godt samfunn saman? (6 grupper, dvel 1 tema): «Vi over 60» i den nye kommunen Ein kommune for barnefamiliane Ung i den nye kommunen
	1. oppdrag:	Vi lagar nokre enkle fortellingar om korleis det er å vere ung, eldre eller barnefamiliar i 2030
	2. oppdrag:	Korleis skal kommunen og innbyggjarane spele på lag for å kome dit?
Kl 1900	OPPDRAG Gjestebod:	Korleis invitere? Kven skal vi invitere? Kva skal vi serevere? Kva skal vi snakke om? Korleis skal vi fortelje om det? v/Eli Willumsen (Nye Stavanger)
		Oppsummering: Kva tar vi med vidare i prosessen
Kl 1930	SLUTT	

## Korleis har vi det no?

### Barnefamiliane

- Trygt, oversiktleg
- Travelt
- Kort veg til slekt og vener
- Variert
- Bekymra for barna

### Ungdommen

- Trygt
- Høgt aktivitetsnivå
- Travelt, kan bli mykje stress (generasjon prestasjon)

## Kva med Nye Stavanger 2030?

### Bumiljø:

Gode buområde i Finnøy og Rennesøy med frittliggende moderne hus, mange barnefamilier i eit nabolag som bryr seg

Judaberg og fleire av tettstadane har fått eit litt byaktig leilighetskompleks, med spennande arkitektur, utbreidd delingsøkonomi, og det er mulig å dyrke meir av maten sjølv.

generasjonsbustader

Det er fortetting i sentrum, med gode parkområde, fantastiske leikeplassar og møteplassar for alle aldersgrupper (tenk Hamburg, eller kva med Guggenheim på ei øy?)

Stavanger er ein kommune der det også er mulig å kople av

Befolkninga er meir variert samansett

### Næringsliv og arbeidsplassar:

Det er lett å starte eigne verksemder, fordi det er eit kapitalsterkt og risikovillig næringsliv og eit sterkt grundermiljø. Universitetet har fått utvida tilbodet sitt mykje, og har blitt meir internasjonalt orienterte. Det er eit sterkt solenergimiljø, fordi Lyse har våga å satse.

Humleproduksjon til ølbrygging og andre nisjeproduksjonar blomstar opp.

Jobbtilbodet er meir variert, med fleire spennande jobbar.

Nye moderne sjukeheimar gjer arbeid innan helse ekstra attraktive.

Attraktive shoppingmuligheiter

### Transport og infrastruktur:

Øyfast er på plass

Det er eit godt kollektiv tilbod med små elektriske førarlose bussar og båtar, hent-meg-buss

Godt tilrettelagt for elbilar

Det er eigne sykkelbruer mellom øyane

Enkelte svergar til bilfrie sentrum

### Fritidstilbod og kulturliv:

Mange gode og varierte tilbod. Nye nærmiljøanlegg der kor, korps og kulturskule blomstrar.

Pubbar og visepubbar har oppsving.

Det er kort veg ut i naturen.

Det er eit sterkt og aktivt seglarmiljø, det er satsa mykje på utvikling av og tilrettelegging for vassport.

Sykkelorientering har blitt ein ny folkesport

Tilbod om å leige sportsutstyr i alle bydelar. Alle hallar og idrettsanlegg er lett tilgjengelege for alle, med felles utleige.

Det er fast bemanning i alle bydelane som jobbar særskilt og tverrfagleg med ungdom, der ungdommen er med på workshops for å utvikle gode tilbod, som også verkar dempende på kriminaliteten.

Viking har sett Stavanger på det internasjonale fotballkartet, og er med i Champions League.

#### Skule og barnehage:

Enda betre tilbod, pga av folketalsvekst (særleg etter Øyfast). Det er tilbod om døgnopne barnehagar.

#### Sosialt:

Inkluderande miljø, som tar i mot tilflyttarar. Ope og internasjonalt.

Både kaffikulturen og kafekulturen blomstrar

Det er lettare å vere småbarnsfamilie på grunn av alt dette, slik at fødselstala går opp

#### Helsetilbod:

Det er godt legevakttilbod i heile kommunen

## Kva må gjerast?

Kva	Kven?		Korleis?
	Kommunen	Inn-byggjarane	
Bygge Øyfast	Fylkeskommunen		Løyve midlar
Velfungerande kollektivtilbod	Fylkeskommunen		Løyve midlar
Fritidstilbod	X	X	
Næring og handel (areal)	Areal		Legge til rette / bidra
Serveringsstader	X	X	Legge til rette / bidra
Skape engasjement	X	X	
Stadplanlegging	X	X	Kommunedelsutval Gjestebod overalt
Betre kommunikasjon / mobilitet	X		Delingsøkonomi
UiS Future Energy HUB			
Etablere Ryfylke regatta		X	Springer ut av Ryfylke trebåt
Sentrumsutvikling på Judaberg med kafe, møteplassar	X	X	Kommunen hovudansvar, sterk innbyggjarinvolvering
Framtidsretta, heilskapleg arealplanlegging, skape bulyst og gode nærmiljø	X		Heilheit i kommuneplanarbeidet (samfunnsdel / arealdel) Innbyggjarmedverknad Tenkje differensiert urbant / ruralt
Styrke og utvikle frivilligarbeidet, frivilligsentralar og samarbeidet mellom frivillige organisasjonar	X	X	Utvikling av trepartsamarbeid mellom offentleg, frivillig sektor og næringsliv Frivilligkoordinator
Breiare næringsliv	X		Ordførar meir aktiv
Betre infrastruktur	X		Stå i val
Meir engelsk informasjon	X		Web-sider
Unik arkitektur for Judaberg / Vikevåg			
Kontrollert vekst	X		Politisk styring / samarbeid
Tenestenærheit / bydelsutvikling	X	X	Tverrfagleg samarbeid, hente erfaringar frå andre små kommunar
Utvikle betar ungdomstilbod og redusere kriminalitet	X	X	Workshop (med ungdom, uteseksjon, fritid, politikarar) i bydelane

## Andre tilbakemeldingar:

Innbyggjarane saknar generelt lett tilgjengeleg og forståeleg informasjon frå kommunen, spesielt om prosessen og kva som skal skje i Nye Stavanger. Det er viktig at folk blir høyrte, og at det kjem ei ny samling, der innbyggjarpanelet kan rapportere tilbake til kommunen etter gjesteboda.

Politikarane må komme «ned til folket», og høyre kva dei verkeleg har å seie. Innbyggjarane treng å vite at det dei kjem med og bringer til torgs, faktisk blir vurdert og tatt seriøst. Fryktar at det blir større avstand i ein stor kommune. Her har vi kanskje mykje å lære av Rennesøy og Finnøy, der det er mindre avstand mellom folket og politikarane.